

30.04.2020

Kommunale investeringstilskot til to prosjekt i Uskedalen.



Styret i Uskedal Friluftslag er klar for oppstart av arbeidet med renovering av scenebygg med møterom, kjøkken, toalett og garderobar. F.v Ove Magne Myhre, Jofrid Eik, Kristian Bringedal og Audun Eik. Einar Gjertsen er også styremedlem i Friluftslaget. Varamedlemer: Trond Johannes Myklebust og Tormod Myklebust.

Etter vedtak i Leverkårskomiteen vart det på møte i går løyvd investeringstilskot til to prosjekt i Uskedalen. Den største løvinga, kr. 180.000,-, gjekk til Uskedal Idrettslag til sluttføring prosjektering av Aktivitetshuset med klatresenter. Uskedal Friluftslag er løyvd kr. 90.000,- til renovering av betongplate, møterom m/ kjøkken og toalettanlegg/garderobar.

Om Aktivitetshuset og klatresenter: Sjå innlegg på Uskedalen.no 28.03.2020.

Styret for Uskedal Friluftslag har i lengre tid arbeidd med å finna ei løysing på reovering og oppgradering av scenebygget på Stemnepllassen. Byggesteg 1 av anlegget vart bygd i 1973 i forkant av landsstemne i Noregs Ungdomslag. Byggesteg to med innreiing av møterom med kjøkken og garderobar kom til seinare.

I ein periode på 1980 og 1990 talt vart plassen mykje brukt til møte og aktivitetar. Så var det nokre år med laber interesse. No tek interessa og bruken seg opp med faste utlån og fornøya bruk. Bruksområde er på mange måtar endra, frå å vera ein stemnepllass til å bli meir eit friområde, ein park for aktivitetar og helsefremjande tiltak.

Stemnepllassen med fast bygg er sjeldan og truleg den einaste i sitt slag i lagseige i kommunen. Plassen er open for alle og skulen/barnehagane kan bruka området fritt. Dei har fri tilgang til gapahuken på Skårhaug og andre fasilitetar.

Arbeidet som skal gjerast er mellom anna tetting av betongplate, renovering møterom, utvending arbeid og oppgradering av elektor og sanitæranlegg. Total kostnad etter entreprise er sett til kr. 405.000,-. Kommunalt investeringstilskot kan dekka inntil 1/3 av godkjend kostnad.

Det er lagt inn stor eigeninnsats i form av dugnad. Friluftslaget har også søkt SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad om midlar til det same føremålet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Hans Ordin Østebø